

Rapport om målbruk i offentleg teneste 2013

Innhald

Om rapporten.....	2
Forklaring til statistikken	2
Resultat.....	2
Nettsider.....	2
Statistikk	2
Figur 1 Gjennomsnittleg prosent nynorsk på statlege nettsteder	3
Korte tekstar 1–10 sider og tekstar over 10 sider.....	3
<i>Statistikk</i>	3
Figur 2 Statsorgan som oppfyller krava i mållova i korte tekstar 1–10 sider og tekstar over 10 sider .	4
Sosiale medium	4
Statistikk	4
Figur 3 Gjennomsnittleg prosentdel nynorsk i sosiale medium hjå statsorgan i 2013	4
Skjema	4
Figur 4 Talet på skjema som ligg føre i begge målformene, i prosent.....	5
Klagesaker	5
Figur 5 Talet på klagesaker.....	5
Oppsummering av målbruken i staten i 2013	6
Tiltak i 2014	6
Nynorskkurs.....	6
Seminar om nynorsk lovspråk	6

Om rapporten

Språkrådet, ved seksjon for språk i skole og offentleg forvaltning, fører tilsyn med målbruken i sentrale statsorgan under departementsnivå. Føremålet med tilsynet er å undersøkje i kva grad statsorgana oppfyller krava i *lov om målbruk i offentleg teneste* (mållova) med forskrifter. Denne rapporten byggjer på tal frå 141 statsorgan.

Fristen for å levere rapport var 31. januar 2014. Totalt fekk Språkrådet inn rapportar frå 141 av 184 statsorgan. Ein god del av rapportane kom etter fristen. Trass påminningar var det 43 statsorgan som ikkje leverte rapport for 2013, og somme av dei har ikkje levert på fleire år.

Informasjonen i denne statistikken er byggjer i hovudsak på tala i rapportane, men òg på følgjebreva som mange statsorgan sender med rapporten.

I tillegg til rapporteringsordninga handsamar Språkrådet klagar på brot på mållova. Klagane er omtala i ein eigen del i denne rapporten.

Forklaring til statistikken

Grunnlaget for denne rapporten er ein eigen statistikk som ligg på nettstaden til Språkrådet, der ein kan finne resultat for dei einskilde statsorgana. Statsorgana rapporterer i kategoriane i *nettsider*, *korte tekstar 1–10 sider* (pressemeldingar, annonsar osb.), *sosiale medium*, *periodiske publikasjonar*, *tekstar over 10 sider* (store rapportar osb.) og *skjema*. *Periodiske publikasjonar* er ikkje representert i statistikken fordi det er eit mindretal av statsorgana som rapporterer om tilfang i den kategorien.

Statsorgana leverer inn resultata i eit eige rapporteringsskjema (eit Excel-ark) som dei får tilsendt av Språkrådet. Alle statsorgan er representerte i kategorien *nettsider*, men i dei andre kategoriane er det ikkje alle som har tilfang å rapportere inn. I somme tilfelle ser Språkrådet òg at statsorgan ikkje rapporterer inn tilfang dei visseleg har hatt.

Resultat


Nettsider

I 2013 fekk statsorgana tilbod om to ulike målemetodar. Den eine er *søk på ordpar* *ikkje/ikke* og *frå/fra* i Google, som tradisjonelt har vore brukt. I tillegg har Språkrådet utvikla ein eigen jamstillingsmålar som statsorgana må installere og køyre hjå seg. Målaren tek utgangspunkt i fleire ordpar enn Google-søket og vart tilbydd som ei prøveordning i mållovsrapporteringa for 2013. Dei fleste statsorgana har brukt Google-metoden. Årsakene til det er fleire. Jamstillingsmålaren greidde ikkje å handtere mange av dei store sidene, og Google-metoden er enklast å bruke. Språkrådet har i somme tilfelle sjekka resultata frå rapportane opp mot målaren. I tillegg har følgjebreva og det generelle inntrykket av jamstillinga på nettstaden vore viktig i tilbakemeldingane.

For ein del av nettstadene har det vore uråd å finne pålitelege tal. Det påverkar statistikken.

Statistikk

I gjennomsnitt var det 14,7 % nynorsk på nettsidene til dei statsorgana som rapporterte til Språkrådet om målbruken i 2013.



Figur 1 Gjennomsnittleg prosent nynorsk på statlege nettstader


Særleg når det gjeld nettsider, er det viktig å sjå tala i samanheng med tilbakemeldingane i følgjebrevet. Noko forenkla tyder eit høgt tal ei god veksling, men eit lågt tal treng ikkje nødvendigvis tyde ei så manglande jamstilling som talet tyder på. Mange statsorgan har store nettstader, og for dei kan eit godt arbeid knapt gje utslag på statistikken. Språkrådet legg særleg vekt på at begge målformene er synlege og godt representerte på framsida og dei sentrale delane av nettstaden, og det er vel så viktig som ei jamn veksling. Nettsidene er framleis den viktigaste kommunikasjonskanalen for dei fleste, og det er viktig at sidene reflekterer jamstillinga mellom målformene.

Korte tekstar 1–10 sider og tekstar over 10 sider

Det kan verke forvirrende at Språkrådet framleis opererer med to tekstkategoriar (alt som er skrive, er jo tekst). Desse kategoriane heitte tidlegare *papirtilfang 1–10 sider* og *papirtilfang over 10 sider*. Papirtilfangskategoriane er ikkje aktuelle lenger. No er føremålet med kategoriane å skilje ut særleg viktige tilfang som blir annonsert utanfor nettstaden, t.d. stillingsannonser.

Statistikk

42 statsorgan oppfylte krava i mållova i korte tekstar 1–10 sider og 36 i tekstar over 10 sider.



Figur 2 Talet på statsorgan som oppfyller krava i mållova i korte tekstar 1–10 sider og tekstar over 10 sider

I tekstar under 10 sider er det færre statsorgan som oppfyller krava i mållova enn i 2012. Det er gjennomsnittleg 21,0 % nynorsk i denne kategorien; det blir altså skrive ein god del nynorsk samla sett. Det er likevel ein tilbakegang på 2,1 prosentpoeng frå i fjor.


I tekstar over 10 sider er det framgang. I denne kategorien er det mange statsorgan som har lite eller ikkje noko tilfang, og resultatet blir gjerne anten veldig mykje eller veldig lite nynorsk. Totalt sett rapporterte statsorgana om 24,0 % nynorsk i tekstar over 10 sider.

Sosiale medium

Sosiale medium er framleis ein ganske ny kategori, og statsorgana rapporterte for fyrste gong i fjor. Tala viser tydeleg framgang, og ein god del statsorgan har såpass gode resultat at dei tydeleg satsar på vekslinga i denne kategorien. Årsaka til det er nok først og fremst at Språkrådet har gjort dei merksame på at sosiale medium faktisk er ein kommunikasjonskanal det òg skal vekslast i.

Statistikk

I gjennomsnitt rapporterte statsorgana om 12,0 % nynorsk i sosiale medium i 2013.




Figur 3 Gjennomsnittleg prosentdel nynorsk i sosiale medium hjå statsorgan i 2013

Målbruken i sosiale medium er, i år som i fjor, litt *anten–eller*, anten svært svak eller god. Sosiale medium, i hovudsak Facebook og Twitter, er for mange statsorgan ein vel så synleg og viktig kommunikasjonskanal som nettsidene, og ei god veksling blir såleis svært synleg. Sjølv om den samla vekslinga er langt unna vekslingskravet, er den gode framgangen særleg positiv for måljamstillinga. I år som i fjor har me sett noko underrapportering; statsorgan har ikkje rapportert inn kontoar dei har hatt

Skjema

Totalt ligg 2193 av 2887 innrapporterte skjema føre i begge målformene.




Figur 4 Talet på skjema som ligg føre i begge målformene, i prosent

For 2013 ligg 76 % av skjemaa føre i begge målformene, og det er ein god framgang sidan 2012. Talet på innrapporterte skjema varierer ein god del frå år til år, til dømes har me fått melding om 500 fleire skjema for 2013 enn for 2012. I tillegg ser me framleis eit etterslep i elektroniske portalar; mange skjema er berre tilgjengelege i den eine målforma inne i portalen. Difor er det viktig å tolke tala med ein slingringsmonn. Men med ein så solid framgang kan me likevel konkludere med at fleire statlege skjema finst i begge målformer, så utviklinga er uansett positiv.

Klagesaker

I 2013 fekk Språkrådet inn 48 klagesaker, og 8 av klagane galdt eksamenar på statlege universitet og høgskular.



Figur 5 Talet på klagesaker

Språkrådet får stadig færre klagar på mållova. Det kan tyde på at mykje klaging over tid har ført til færre brot. Likevel er det openbert ikkje slik at alle lovbroten som skjer, blir melde inn. Noko av forklaringa på tilbakegangen kan difor vere at nokre (få) har klaga mykje, og at det dermed gjev store utslag på statistikken når dei sender færre klagar. I dei aller fleste tilfelle kjem Språkrådet fram til at klagaren har rett i sak.

Oppsummering av målbruken i staten i 2013

Sjølv om staten framleis er langt unna å oppfylle krava i mållova, er det framgang i fleire sentrale kategoriar. Vi vil særleg trekke fram kategorien *sosiale medium*, der mange statsorgan har gjort ein god innsats. Det viser at staten er på rett veg. Blant statsorgana som jamleg leverer rapportar og tiltaksplanar, opplever Språkrådet at det blir gjort endringar.

Samtidig er det framleis mange statsorgan som ikkje leverer rapport. Desse statsorgana treng fleire påminningar frå Språkrådet, både om at dei skal rapportere, og om lovverket.

Tiltak i 2014

Språkrådet har tilbydd kurs som skal gjere statstilsette betre i stand til å oppfylle krava i mållova. I tillegg har Språkrådet arrangert eit seminar om nynorsk lovspråk.

Nynorskkurs

I desember 2012 lyste Språkrådet ut til saman ti todagars nynorskkurs på arbeidsplassen for statsorgan. Kursopplegget går ut på at kursdeltakarane skal sende inn ein tekst kvar før og etter kurset. Undervisninga byggjer delvis på dei førehandsinnsende tekstane, og deltakarane får individuell tilbakemelding på begge tekstane. Språkrådet heldt i 2013 til saman åtte todagarskurs, eitt ope todagarskurs i regi av Direktoratet for forvaltning og IKT og to opne dagskurs som Språkrådet sjølv lyste ut. To avtalte nynorskkurs vart avlyste av statsorganet sjølv. Det er viktig å ha i tankane at det er institusjonane som får tildelt kursa, og det er eit leiaransvar å følgje dei opp i organisasjonen. Dersom leiinga følgjer opp kursa med gode rutinar for veksling mellom målformene, kan effekten bli meir nynorskbruk hos statsorgana. Elles er det ein risiko for pulverisering av ansvaret.

I fyrste halvdel deltok i tillegg mellom 30 og 40 deltakarar på eit nynorskkurs med tett oppfølging, ei vidareføring frå 2013. Evalueringane frå kurset var òg denne gongen gode. Det er truleg uråd å dokumentere kva direkte effekt desse kursa har for målbruken hos statsorgana. Ein del av deltakarane arbeider til dømes i store etatar der effekten ikkje lèt seg måle så lett.

Seminar om nynorsk lovspråk

I oktober 2014 heldt seksjon for språk i skole og offentleg forvaltning eit halvdagsseminar om nynorsk lovspråk. Føremålet med seminaret var å gje byråkratar som arbeider med lovarbeid inspirasjon og kunnskap om nynorsk som lovspråk. Den primære målgruppa var tilsette og leiarar i departementa som har ansvar for eller arbeider direkte med lovutforming. Både eksterne og interne krefter innleidde, og tilbakemeldingane var gode. Sjølv om seminaret ikkje omhandla tilfang som er underlagt mållova, kan eit slikt seminar ha positive ringverknader for bruken av nynorsk i staten generelt.